

Rosendal-siger i siste runde

17.08.2011



Det sigrande laget: Geir Mogren, Ane Mogren, Anne B.Skeie, Bente Høyland og Sigbjørn Øye

Quizen hos Systrene Nilsen er over for i år og siste runde vart ikveld vunne av eit Rosendal-lag med Geir Mogren i spissen. Sidan siste runde som han også vann hadde han skifta ut heile mannskapet men det var aldri tvil om kven som ville kapre sigeren. Laget besto med eit unnatak av tilsette i Rådhuset. Det stilte berre 3 lag og dei 2 andre var frå Uskedalen.



Trufaste på King Kenny: Odd Steinar Arnesen og Bjørn Bringedal

Det andre heimelaget var King Kenny, der Odd Steinar Arnesen, Bjørn Bringedal og Frank Steinsletten har vore fast inventar.

Laget vart premiert ekstra for å ha vore det mest trufaste denne sommarsesongen.

Faktisk har det delteke i 8 av dei 9 rundene.

Denne gongen kom det på andreplassen med 53,5 poeng medan det sigrande laget som kalla seg Rådhuset 1 fekk 61,5.

På tredjeplass kom Flyttefolket med 44,5.

Leiar Morten Nilsen presenterte denne gongen ein spennande språktest der det galdt å veta kva det ein kan kalla standard-uttrykk heiter på ymse språk. Det var ein fengande bolk der King Kenny køyrde seg sterkt opp utan at dei truga Rosendalslaget.

Spørsmåla var denne gongen ikkje av det mest vriene slaget. Nokre var lokale.

Har du til dømes merka deg kor mykje elevtalet ved skulen vår har auka frå i fjor til i år?
Og veit du kvar Uren luren himmelturen ligg?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Siste quiz gjekk føre seg utomhus frå starten